



Innkalling
av
Valnemnd

Møtedato: 10.12.2018
Møtestad: Osterøy rådhus
Møtetid: kl. 20.00 – kl. 20.30

Eventuelle forfall må meldast til per tlf. , sms til 40524876
eller per epost til

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
003/18	Revisjon av Temaplan for trafikksikring 2016 - 2020, handlingsdelen, punkt C til H - oppnemning av arbeidsgruppe
004/18	Ekstraordinær generalforsamling i Opro AS - framlegg til vedtektsendingar

3. desember 2018

Berit Moslett Borge
møteleiar

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/18	Valnemnd	PS	10.12.2018
098/18	Heradsstyret	PS	12.12.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	14/644

Revisjon av Temaplan for trafikksikring 2016 - 2020, handlingsdelen, punkt C til H - oppnemning av arbeidsgruppe

Vedlegg:

2. gongs handsaming Temaplan for trafikksikring 2016 - 2020

Merknadskjema for 1.gongshøyring: Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2016-2020

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2016-2020 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heradsstyret gjorde i møtet 31.10.18 slikt samrøystes vedtak:

«Ordførar legg fram ei sak til heradsstyremøtet 12. desember om at heradsstyret opprettar ei arbeidsgruppe med fem medlemmer med oppgåve å revidere Temaplan for trafikksikring sin handlingsdel, punkt C til H:

C. Mindre investeringstiltak. D. Utarbeiding av planar. E. Større investeringstiltak. F. Rassikring. G.

Vedlikehald. H. Ikkje aktuelle tiltak.

Arbeidsgruppa skal prioritere alle strekkingar på kvar liste ved punkt C til G. Valnemnda gir tilråding til val av representantar i gruppa.»

Vurdering

Saka vert send valnemnda for oppnemning av medlemmer til arbeidsgruppa.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø – ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda for tilråding til heradsstyret.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
120/18	Formannskapet	PS	21.11.2018
004/18	Valnemnd	PS	10.12.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1039

Ekstraordinær generalforsamling i Opro AS - framlegg til vedtektsendringar

Vedlegg:

Endring av tekst i vedtektene

Vedtekter Opro AS- ønska endringar

FW Ekstraordinær generalforsamling, Opro

Vedtekter Opro AS

Brev frå Skatt Vest

FW Ekstraordinær generalforsamling, Opro

Vedtekter Opro AS- ønska endringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rådmannen gjer ikkje framlegg til vedtak i saka.»

Formannskapet - 120/18

FS - behandling:

Framlegg om vedtektsendringar vart teke til orientering.

FS - vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Opro AS v/styret ønskjer å endra nokre punkt i vedtektene. Bakgrunnen for dette er at Skatt Vest i brev av 27.03.18 kring skattplikt for selskapet. Skatt Vest påpeikar at det må gå klårt fram av vedtektene at selskapet ikkje har erverv som føremål. Brevet ligg ved, ikkje offentleg dokument, jfr. off.l. § 13, mval. § 13-2, 1.ledd, sktb.l. § 3-2, lign.l. § 3-13 nr. 1.

Opro AS har laga framlegg til endring av vedtektene § 3 slik at denne stettar vilkåra Skatt Vest har teke opp.

Vidare er det gjort framlegg om endring av § 5 der ein foreslår at det vert vald tre varamedlemmer i rekkjefølgje og at første vara møter i styremøta. Styret finn dette som ei meir tenleg ordning enn å ha personlege varamedlemmer.

Styret har no slik samansetjing:

Medlemmer

Varamedlemmer

Johannes M. Bysheim, leiar (attval i 2018)

Ingvald Ådland (attval i 2018)

Astrid Bernes Hanstvedt, nestleiar

Einar Skjerping

Jorunn Holsen

Kjellaug Hartveit

Eldbjørg Ryste Hølleland

Svein Jarle Bernes

Ragnar J. Tyssebotn (attval i 2018)

Magnhild Tysse (attval i 2018)

Saka vert lagt fram til handsaming no fordi Opro AS ynskjer å ha ei ekstraordinær generalforsamling

før jul for å få vedteke vedtektendringane.

Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til vedtektsendringa. Føremålet med Opro AS er sysselsetjing og aktivisering av yrkeshemma og andre som treng eit slikt tilbod og har ikkje erverv som føremål.

Styret har og bede om ei endring frå personlege varamedlemmer til å velja tre varamedlemmer i rekkjefølgje. Rådmannen ser at dette kan vera meir tenleg for arbeidet i styret, og vil tilrå denne endringa.

Ein bør og vurdera endra ordlyden i vedtektene frå styreformann til styreleiar, jfr. §§ 6 og 8 slik at tittelen vert kjønnsnøytral.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda for tilråding til val og for formannskapet for førebuing av saka til generalforsamlinga.